

## Mandat for utarbeiding av strategi for lindrande behandling

Norsk helsevesen arbeider målretta for at pasientar skal kunne leve liva sine med den beste helsa dei kan oppnå. Lindrande behandling og omsorg er avgjerande for at pasientar med uhelbredeleg sjukdom kan fullføre sine liv med god livskvalitet. Ein stadig større del av Noregs befolkning lever til dei er over nitti år som følgje av gode levekår og eit godt helsevesen. Vidare lever pasientar lengre med alvorleg sjukdom. Dette gjer at fleire har behov for lindrande behandling, og at behandlinga gis over ein lengre periode enn før.

Forsking viser at eit fleirtall av Norges befolkning ønsker å være mest mogleg heime ved alvorleg sjukdom, og også å døy heime. Likevel dør dei fleste i institusjon. Det er eit mål at helsetenesta skal bidra til at pasientar får være heime så lenge dei ønsker og det er mogleg, sjølv om dei er alvorleg sjuke oglivet går mot slutten. For å få dette til er det avgjerdande at tenesteytarar samhandlar.

Haukeland universitetssjukehus har i mange år hatt eit palliativt team som gir råd til avdelingane og følger opp pasientar med behov for lindrande behandling. Sunniva senter for lindrende behandling ved Haraldsplass diakonale sjukehus er eit spesialisert palliativt behandlingstilbod til pasientar i Helseregion vest. Sunniva senter har åtte sengeplassar og tar imot pasientar som treng lindrande behandling, pleie og omsorg utover det andre sjukehusavdelingar skal kunne tilby.

Det er eit kommunalt palliativt døgntilbod ved Bergen Røde Kors Sykehjem, Lindrende enhet, Askøy kommune, Intermediær avdeling med palliativ teneste, Fjell kommune (interkommunal for Fjell, Sund og Øygarden) og Behandlingsavdelinga på Luranetunet, Os kommune. I tillegg har ein del kommunar enkeltvise palliative senger på sjukeheimar.

Leiinga ved Helse Bergen HF har på bakgrunn av dette biletet tatt initiativ til at det blir utarbeida ein strategi for lindrande behandling og omsorg. Det vil bli sett ned ei arbeidsgruppe med delakarar frå Helse Bergen, samarbeidspartar og ein representant frå Helse Bergen sitt brukarutval for å utarbeide forslag til strategi.

Pasientane sine behov og ønsker, relevant regelverk, kva som er mogleg å få til innanfor dagens medisinske kunnskap og helsetenesta sine ressursar, dannar ramma for arbeidet. I tillegg er det ei rekke rapportar og dokumentar vedrørande tilbodet til palliative pasientar som legg føringar for gruppa sitt arbeid.

Mandat for gruppa:

1. Beskrive målgruppa for palliativ behandling kvalitativt og kvantitativt
2. Analysere behovet for palliativ behandling dei nærmaste åra
3. Kartlegge det palliative tilbodet i Helse Bergen
4. Kartlegge kva tilbod om palliativ behandling som i dag er etablert i kommunane med tanke på kapasitet, kompetanse og geografi
5. Beskrive pasientforløpet for palliative pasientar i tekst og figur/diagram, inkl bruk av Vurderingsutvalget for palliative plassar i Bergensområdet.
6. Gruppa skal kome med forslag til korleis kapasiteten ved eksisterande tilbod kan utnyttast betre – kortsiktig tiltak

7. Utarbeide strategi for det palliative tilbodet i Helse Bergen dei neste fem åra
8. Rapport med forslag til strategi skal ferdigstilla innan årsskiftet 2015/2016

### **Styringsgruppa**

Alf Henrik Andreassen, fagdirektør, Forskings- og utviklingsavdelinga, leiar  
Lars Birger Nesje, avdelingsdirektør, Medisinsk avdeling  
Ingrid Johanne Garnes, avdelingsdirektør, Kvinneklinikken  
Olav Mella, avdelingsdirektør, Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk  
Petter Thornam, Fagdirektør, Haraldsplass diakonale sykehus

### **Prosjektgruppa**

Helse Bergen:

Margrethe Schaufel, overlege Lungeavdelinga, leiar  
Dagny Faksvåg Haugen, overlege, Kompetansesenter i lindrande behandling  
Olav Hevrøy, overlege, Seksjon for smertelindring  
Borrik Schjødt, psykologispesialist, Seksjon for smertelindring  
Rune Svensen, overlege, Kirurgisk avdeling  
Elisabeth Endresen, kreftsjukepleiar, Kirurgisk avdeling  
Bente Kristin Abelseth, konstituert overlege, kreftavdelinga  
Inge Fiskvik, representant frå brukarutvalet  
Bjørn Grindheim, tillitsvaldrepresentant, (sjukepleiar ved Kirurgisk serviceklinikk)  
Jan Henrik Rosland, overlege, Sunniva senter, Haraldsplass diakonale sjukehus  
Ingvil Austbø, lege, Lindrande eining Askøy kommune  
Harald Hauge, praksiskoordinator, fastlege Bergen kommune